

|                              |       |
|------------------------------|-------|
| OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET |       |
| 10 / 01970 - 16              |       |
| DATO 18 JAN. 2011            |       |
| AN                           | EKSP. |

✓ Olje- og energidepartementet  
v/Terje Riis-Johansen

0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
2010000703-3 2011000004  
Torkel Myklebust

Arkivkode:  
S10

Dato:  
03.01.2011

## FORESLÅTT ORDNING MED ELSERTIFIKAT - HØYRINGSUTTALE FRÅ SULDAL KOMMUNE.

Suldal kommune viser til brev av 11.05.2010, der me ber regjeringa stå ved løfta om at alle kraftverk som er sett i gong etter 01.01.2004, kjem inn under ordninga med grønne sertifikat. Kommunen tek oppatt denne oppmodinga

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er svært positiv. Kommunen ser behovet for klimavennleg energi og framtidsretta næring, og er einig med regjeringa i at ei ordning med ein felles svensk-norsk sertifikatmarknad er ein god måte for å skapa grunnlag for ei slik satsing.

I Suldal kommune har me allereie lagt til rette for utbygging av fornybar energi. Til saman er det no bygd over 30 småkraftverk med ein totalproduksjon opp mot 120 GWh. 6 av desse vil etter regjeringa sitt forslag ikkje nytta godt av sertifikatordninga, trass i lovnadar frå sentrale politikarar og skiftande regjeringar. Desse 6 har ein årleg produksjon på mellom 50 og 60 GWh.

Suldal kommune ber om at alle kraftverk som er igongsette etter 01.01.2004 kjem inn under sertifikatordninga.

Med helsing



Torkel Myklebust  
ordfører

**Kopi til:**

Småkraftforeninga Boks 123, Lilleaker 0216 OSLO

---

Postadr.  
Eidsvegen 7, 4230 SAND  
Besøksadresse

Sentralbord  
52 79 22 00  
Direkte tlf.  
52 79 22 01

Telefaks  
52 79 22 05  
E-post  
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro  
3202.07.01152  
Org. nr.  
964979189